

Mottakere ifølge liste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

21/330 - 1 / KK / 256

Dato:

15.03.2022

Kartlegging av arkivbestanden i kommunane

Frå 1. april 2022 set vi i gang eit kartleggingsprosjekt i kommunane. Føremålet er å få eit tal på kor mange hyllemeter papirarkiv som ikkje er deponert.

Prosjektet vert leia av Anders Fylling og Jørn Harald Grov hjå oss.

Prosjektet har fylgjande delmål:

- Få eit tal på framtidig depotbehov for arkiv/papirarkiv
- Lage forslag til deponeringsplanar for alle kommunane
- Svare ut Arkivverket sine pålegg om krav om plan for bortsettjing og deponering av papirarkiv

Bakgrunn

Siste 5 åra har vi tatt inn mykje arkiv. I stor grad har dette vore arkiv fram til 1990-talet, men mange av kommunane har deponert alt papirarkiv fram til dei vart fullelektroniske. No ser vi eit behov for å vite kor mykje papirarkiv som står att for å planleggje framtidig plassbehov for fysiske papirarkiv. Kartlegginga skal undersøke administrative arkiv og personregister i heile kommunen.

Kartlegginga utgjer grunnlaget for ein tilstandsrapport som igjen er ein del av internkontrollarbeidet for arkiv. Føremålet er å avdekkje omfanget av arbeid som står ugjort, kva arbeide som er riktig å prioritera og i kva rekkjefølgje. Det er òg eit mål at kartlegginga skal bidra til at administrativt og politisk nivå vert meir bevisst på arkivstoda i kommunen.

Kartlegginga vert tilbydd som del av basistenestene og fører ikkje med seg kostnader for kommunen. Den forpliktar heller ikkje kommunen om deponering av kartlagde arkiv til oss.

Mål og framdriftsplan

Kartlegginga vert gjennomført som ein kombinasjon av samtaler på teams, per e-post og telefon eller fysisk i kommunen. Anders og Jørn set av tid og tek kontakt med kvar einskild kommune frå 1. april. Kvar kommune sitt behov vert tilpassa og det er spesielt viktig at personregister på ytre einingar i kommunen vert kartlagt. Om det er naudsynt dreg vi difor gjerne på synfaring i lag med arkivansvarleg.

Somme kommunar har allereie fått kartlagt arkiva nyleg eller har deponert alt sitt papirarkiv. Dei vert likevel inkludert i prosjektet for å lage ein samla rapport.

Om det vert avdekt etterslep av eldre arkiv som skulle vore deponert, ynskjer vi at dette materialet vert prioritert for henting no.

Tentativ plan er at prosjektet er ferdig i juli.

Med venleg helsing

Knut Kjosås
fagleiar

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:
Anders Fylling
Janny Sjøholm
Jørn Harald Grov
Rune Lothe